



Like etter start i fjor, og vi ser Kristian Øvstebø med solbriller langt framme i feltet.

**Terrengløpskarusellen har i år hatt ein svært god start med auka deltaking frå i fjor. Det toppa seg med 184 deltakarar i Sparløpet nyleg, men det var også svært god deltaking i dei to første løpa. Laurdag er det klart for det fjerde løpet, Åkraløpet. Det populære løpet vert arrangert for 26.gong, men det er første gong det er med i karusellen.**

Populariteten til Åkraløpet vert understreka med at det i fjor var fleire deltakarar i løpet enn det er innbyggjarar i Åkrabygda. Det er 3,2 km og løypa er kupert. Det er både trimklasse og konkurranseklasse. I fjor vann skiskyttatren Martin Femsteinvik då han sette løyperekord med 10.08. Kristine Tveit vann dameklassen.

Til løpet har det ikkje vore førehandspåmelding via nettet slik det plar vera i karuselløpa. Det vert påmelding før start. Påmeldinga startar kl.12 medan løpstarten er kl.14 laurdag.

Det er premiar til alle, og det plar vera folkefest under løpet som inngår i pinsearrangementet i Åkra.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Gisle Sellevoll/Kondis